

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	17/742

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2017	Kraftfondsstyret	PS	12.09.2017
	Kommunestyret	PS	

Sandnesbutikken - søknad om lån gjennom kraftfondet

Vedlegg:

Journalposttittel

Søknad om lån til oppgradering av drivstoffanlegg for båtar

Dato

07.06.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sandnesbutikken as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 100.000 til omsøkte investeringsforemål.
2. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
3. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sandnesbutikken har søkt om kr. 360.000 i lån gjennom kraftfondet til å gjennomføra naudsynt oppgradering av bensin- /dieselpumpene og -tankane, og leggja til rette for båtfylling.

Fakta

Viser til søknaden/standard søknadskjema kraftfondet, som følgjer som saksvedlegg

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsforemål. Prosjekt som har til foremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar. Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg

eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Vurdering

Søknaden stettar kravet og vilkår for støtte gjennom kraftfondet.

Samla kapital-/finansieringsbehov for tiltaket er kr. 720.000,-, og etter retningslinene for kraftfondet skal samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt, og i dette tilfelle kr. 180.000,-, og i tillegg må ein ta omsyn til sum frie fondsmidlar til fordeling det aktuelle år.

Innstillinga i saka er basert på rammer og midlar til tildeling basert på saka om revidert kraftfondsbudsjett 2017. Kraftfondstyret får vurdere om dei ønskjer å gå utover denne ramma med omsyn til samla fondsbeholdning og tidlegare års unytta midlar, og auke opp sum lån.

Konklusjon

Sandnesbutikken får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 100.000 til omsøkte investeringsføremål. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

Kraftfondsstyret - 011/2017

KRFT - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

KRFT - vedtak:

1. Sandnesbutikken as får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr. 100.000 til omsøkte investeringsføremål.
2. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
3. Frist for å nytte lånetilsagnet vert sett til den 21.09.2018.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker